

**2014**

ÅRSMELDING **BREMNES FRYSERI**

**Bremnes Fryseri** er eit holdingselskap, og eig selskapa **Bremnes Seashore, Salmon Brands** og **Kald Fisk** som tek seg av settefiskproduksjon, matfiskproduksjon, slakting, pakking, foredling, sal av Salma, samt innovativ nytenking.

**Bremnes Fryseri** eig og 40 prosent av sals- og distribusjonsselskapet **Ocean Quality** som sel heifisk og foredla laks.

## Innhold

Me løyer utfordringane saman .....	3
Med rett til å vidareutvikle .....	4
Litt meir for fisken og miljøet .....	8
Litt meir for våre tilsette .....	10
Litt meir for deg .....	13
Året oppsummert .....	16
Våre viktigaste ressursar .....	18
Lokasjonskart .....	20
Selskapssuktur .....	21
Styret si årsmelding .....	22
Resultatrekneskap .....	26
Nøkkeltal .....	27
Balanse .....	28
Kontantstraumoppstilling .....	30
Revisor si melding .....	31





# Me løyser utfordringane saman

**Nokre år** er meir krevjande enn andre. 2014 var eit slikt år. Me hadde meir svinn enn vanleg og utfordringane med lus vart større enn det me hadde forventa. Med meir resistente lus måtte det meir krevjande prosessar til.

**Sjølv om** fjoråret sette oss på prøve, er det utruleg godt å sjå korleis dei tilsette mobiliserte og stilte opp i dei mest hektiske periodane. Dei fortener all mogleg ros for ei fantastisk flott innstilling og evne til å løyse dei ulike utfordringane som kom. Det viser at me har ein framifrå arbeidsstokk som både kan og vil trø til når det trengs.

**Eit positivt resultat** på 80 millionar før skatt tydeleggjer kva ein får att om ein dreg lasset saman gjennom eit tøft år. Investeringsbudsjettet i 2014 var på 170 millionar. Frå 2014-2016 er det totale investeringsbudsjettet om lag ein halv milliard. Få, om nokon bedrifter i vår region

har ei så stor investeringsvilje. Det viser at me tenker langsiktig, og me tenker vekst, fornying og trygging av arbeidsplassane.

**Mange av** dei investeringane som vart gjort i fjar vil synleggjerast i år. Når hausten kjem vil me ha på plass den siste av i alt sju nye katamaranar. Me vil byrja å sjå effekten av nytt opptaksanlegg, og me vil ta i bruk vårt nye spesialfartøy for termisk avlusing. I tillegg held snorkelmerd-prosjektet fram. Ei nyvinning me utviklar saman med fleire forskingsinstitusjonar og med støtte frå Innovasjon Norge. Alle desse tiltaka er med og styrker oss som bærekraftig oppdrettsverksamhet.

**Dette er** mi første årsmelding som administrerer direktør i Bremnes Seashore. Då eg fekk førespurnad om å ta denne stillinga, opplevde eg det som ei stor tillitserklaering frå eigarane og styret. Det er ein

jobb med mykje ansvar og mange utfordringar. Samstundes er det så uendeleg mange muligheter. Me held no på med spennande organisering- og investeringsprosessar. Me har eit mål om å veksa og auke produksjonsvolumet betydeleg. Og me har ambisjon om å fortsette å produsere sunn mat av beste kvalitet. Å få leia dette arbeidet med våre tilsette er svært motiverande. Det blir utruleg spennande å sjå kva me kan få til saman framover!



**Einar Eide**  
Administrerende direktør,  
Bremnes Seashore

# Med rett til å vidareutvikle



- Me skal styrke vår posisjon som leiande produsent av kvalitetsmat. Samstundes skal me være ein av dei mest lønsame!

**OLAV SVENDESEN, KONSERNSJEF**

Bremnes Seashore  
H 82



### Namn: Olav Svendsen

**Bakgrunn:** Vaks opp i ein familie der det å hausta frå havet var den naturlege levevegen. Overtok det daglege ansvaret i familiebedrifa etter faren Olav Svendsen Sr., og har vidareutvikla bedrifa saman med tilsette og øvrige eigara.

**Aktuell som:** Har gått over i ny rolle som konsernsjef. Skal fylge opp dei ulike selskapa i morselskapet, samt dei planlagde strategiane og visjonane.

Olav Svendsen formidlar ein tydeleg bodskap til tilsette, forbrukarar og konkurrentar. Konsernsjefen har eit sterkt ynskje om å fortsette og vidareutvikle landets mest spennande lakseprodusent. Det ligg i ryggrada. Han har hatt det i seg frå han var gutunge. Me spolar attende til 1970-talet.

**Ein liten gut** har saman med kameratane kasta seg på sykkelen. Skuledagen på Meling skule er akkurat slutt. Regnet piskar mot andletet, og ranselen dansar frå side til side i det gutane trør det dei maktar i retning Kvednavikjo. Kvifor bles det alltid motvind på vestsida av Bømlo? - undrar dei. Olav syklar heimom der mora har middagsmaten klar. Det er viktig med litt energipåfyll. Han slukar maten i ein fei og set kursen mot sjøen. Olav og kameratane kastar mortanglane med agn så langt dei klarar. Og pala bit villig. Fisk etter fisk blir løfta opp på kaien. Karane sender kvarandre lure blikk og flirer. Dette blir det pengar av. Nokre timar seinare har dei fylt opp ein heil stamp. Dei ber fisken mellom seg bort til Olav

sin far lenger borte på kaien. Olav senior. Han noterer ned fangsten på ein lapp. Dei får betalt pr. kilo. Lønninga kan dei ta ut når dei ynskjer det sjølv.

- Slik tente eg mine første kroner. Lærte at det måtte innsats til for å få noko att. Fisken vart mala opp til før. Så vart den frakta av garde med ein av desse små lokalproduserte motorbåtane frå Innvær Plast. Oppdrettsanlegget besto av ein avstengt våg og ein del merdar. Og klekkjeriet var frå ein liten bekk på Goddo.

**Opplevingane** til Olav som gutunge set det heile i perspektiv.

- Eg hugsar at båten ein gong var så søkklasta med fiskefør at den sokk like utanfor her. Du kan sei det var eit anna HMS-fokus den gongen.

Olav smiler. Han er glad for at ein i dag har heilt andre tryggingsrutinar. At anlegga er av ein heilt annan kvalitet. Og at anlegget som faren etablerte i dag er vakse til ein arbeidsplass for om lag 300 tilsette.

**- Det er høgt under taket hos oss, og det er godt å vite at me har flinke og motiverte medarbeidrar i alle ledd.**

OLAV SVENDESEN

Ei av dei aller største bedriftene i kystkommunen.

- Eg hadde ikkje noko val. Det var ikkje noko diskusjonstema at eg ikkje skulle bidra i familiebedrifta. Eg gjekk på BI i Bergen på 1980-talet. Eg hugsar eg sat meir i telefonen og organiserte enn eg studerte ein periode.

Olav ler. Det har ikkje vore noko plankekøyring å ta over leiinga av familiebedrifta og vidareutvikle den til konsernet det er i dag. Saman med dei andre eigarane og dei tilsette har han møtt mange utfordringar undervegs, - og løyst dei. Fiskehelsa har alltid hatt høg prioritet.

- **Me har** og har alltid hatt eit fokus på at fisken skal ha det best mogleg. Me arbeider kontinuerleg med nye rutinar og metodar for å sikre god fiskehelse. Me må ikkje gløyma at laksenæringa framleis er ei ung næring. Vår bedrift har vaks raskt, noko som sjølv sagt har vore krevjande i periodar. For å møta morgondagens utfordringar styrkar me oss no både på leiarsida og i andre posisjonar i bedrifta, og me har fleire svært spennande utviklingsprosjekt på gong.

Han siktar blant anna til smoltanlegg i Trovåg i Vindafjord Kommune.

- Der gjer me no ei stor utbygging. Me vil at smolten skal veksa seg større på land enn det den gjer i dag. Kortare tid i sjøen minskar risikoen for sjukdom og lusepåslag. Målsetnaden er at i 2017-2018 skal all fisken vår ha ein storleik på 200-300 gram når den vert sett ut.

**Og det stoppar** ikkje der.

- Eg trur at det på lengre sikt vil bli vanleg å ha fisken på land til han er opptil 1 kg. Men det kostar å leggja til rette for slike anlegg. Han trur utviklinga framover går mot færre og større oppdrettsverksemder.

- Dette er ein enormt kapitalkrevjande bransje. Og det er strenge krav til drift og produkt. Det gjer at det blir tøffare og tøffare for dei minste aktørane. For oss er det eit klart mål å styrke vår posisjon som ein av dei leiande produsentane av kvalitetsvarer i Noreg. Samstundes skal me vere ein av dei mest lønsame og mest bærekraftige.

**Olav meiner** det er realistiske mål så lenge ein har ein god bedriftskultur.


- Det er høgt under taket hos oss, og det er godt å vite at me har flinke og motiverte medarbeidrar i alle ledd. Motiverte tilsette er avgjerande for at me klarar å utvikle oss vidare, slår Olav fast.

Sjølv har han gått inn i ny stilling som konsernsjef.

- Eg skal følgje opp dei ulike selskapa knytt til morselskapet, og spesielt fokusere på at me fylgjer opp dei strategiane og visjonane me har sett oss. Ja, rett og slett sjå til at me satsar på dei rette oppgåvene.

**Og innimellom skal** han hygge seg med eit godt laksemåltid.

- Me har jo den beste og mest anerkjente merkevara innan laksemat i dag. Sushi med Salma? Ja takk!





# Litt meir for fisken og miljøet...

Å kunne produsere sunn god mat krev kvalitet i alle ledd. Det inneber skikkelege rutinar, og vilje og evne til å setje seg nye mål heile tida. Slik gjer ein litt meir for fisken og miljøet kvar dag, kvar månad og kvart år.

**Kvalitetssjef** Ragnhild Kringeland og fiskehelsebiolog Ida-Kathrin Gjerstad Nerbøvik veit at målretta arbeid er det einaste som duger om ein skal sikre fiskevelferd og matproduksjon på øvste nivå.

- **I Bremnes** Seashore arbeider me systematisk med felles rutinar på dei ulike anlegga. Me har forbettingsmål på alle avdelingane, og me har handlingsplanar som hjelpemiddel for å nå dei måla me set oss, fortel kvalitetssjef i Bremnes Seashore, Ragnhild Kringeland.

**Kollega og fiskehelsebiolog**  
Ida-Kathrin Gjerstad Nerbøvik er mykje ute i felten og ser til at fisken har gode vekstvilkår.

- Me driv slik det er mest hensiktsmessig for fisken og tilpassa dei retningslinene som er i lovverket. Det inneber blant anna rutinemessige helsekontrollar, luseteljingar kvar veke, og samarbeid med Fiskehelsenesta, seier Gjerstad Nerbøvik.

Noko som også er med og sikrar god fiskehelse og matproduksjon er stikk-kontrollane frå Mattilsynet, samt bruken av eksterne luseteljingsteam.

- Det gjev oss nyttige og uhilda kvalitetsvurderingar, og er ei påminning om at me heile tida må væra kritiske til det arbeidet me gjer, påpeikar Kringeland.

**Ho er tydeleg på** at det vert gjort ein god og viktig jobb ute på anlegga og i produksjonen kvar einaste dag.

- At me samarbeider godt på tvers av avdelingane, og at kvar enkelt medarbeidar blir involvert er viktig for å oppnå eit godt resultat. Me har jo hand om heile prosessen frå rogn til fisken ligg ferdig i emballasjen. Det gjev oss veldig god kontroll på sluttproduktet.

Men det er ikkje berre internt det vert arbeidd med fiskehelse og kvalitet. Samarbeidet med andre aktørar er svært viktig når det gjeld å avgrense luseproblematikken. Me set opp strategiar saman med dei andre produsentane,



Kvalitetssjef Ragnhild Kringeland og fiskehelsebiolog Ida-Kathrin Gjerstad Nerbøvik er nøye i kvalitetskontrollen på fisken.



- Lakseproduksjonen er nøyne overvaka og har strenge krav til kontrollrutinar og hygiene. Det er me glade for.

|||||  
**RAGNHILD KRINGELAND**

og er avhengig av kvarandre når det gjeld å gjennomføra tiltak. Me har lenge sett at det løner seg å dele kunnskap. Og det er kjekt å sjå at det er stor vilje til samarbeid når det gjeld dette, påpeikar Gjerstad Nerbøvik.

**Bremnes Seashore** er no i gang med prosjekt knytt til termisk avlusing og snorkelmerdar.

- Det er viktig å prøve nye metodar og dette er tiltak me har stor tru på, seier Kringeland.  
- Ja, og det er viktig at me får på plass vitskapleg dokumentasjon



på at dette er noko som fungerer, legg Gjerstad Nerbøvik til.

**Begge to** meiner at både Bremnes Seashore og dei andre aktørane har ein del å gå på når det gjeld å formidle kor aktivt det vert arbeidd med å sikra fiskevelferda og sunne gode matprodukt.

- Lakseproduksjonen er nøyne overvaka og har strenge krav til kontrollrutinar og hygiene. Det er me glade for. For me veit at frisk fisk er god fisk. Og god fisk er ei etterspurt vare, avsluttar kvalitetssjef Ragnhild Kringeland.

# Litt meir for våre tilsette....

Den har ei velvaksen hekkbylgje.  
Eit akterdekk stort nok til dei mest  
krevjande operasjonar. Ei krane som  
løftar "halve" havbotnen til overflata.  
Og eit mannskap som har vore ute  
ein ruskeversdag før.



# - Det er heilt topp at Bremnes Seashore investerer i slike arbeidsbåtar

TORE FARESTVEIT



**Me er om bord** i ein av Bremens Seashore sine sju heilt nye katamaranar. Thomas Natterøy tek plass i kapteinsstolen. Enkelt manøvrerer han båten ut frå kaien i Kvednavikjo. Sakte sig Torbjørn S. ut sundet med kurs mot dei små holmane vest i havet.

- Det er aldri problem å gå med denne båten, seier Tore Farestveit nøgd.

**Han veit kva** han snakkar om. Driftsoperatøren har 30 års erfaring frå oppdrettsbransjen og har vore med på ei rivande utvikling desse åra.  
- Denne båten tåler allslags

vær, så det er me som må setja grensene for når det er forsvarleg å utføra dei ulike operasjonane, fortel han vidare.

- Det er ein kjempebåt og den er knallgod i sjøen, kjem det kontant frå Thomas.

Han trekk fram tryggeleiken ved å ha ein krane som løftar inntil 50 tonn, det store akterdekket som er lett å reingjera og arbeida på, og styrehuset med høg komfort og topp moderne utstyr. Nede i babord skrog er det også laga til lugar for to.

**- Kor lang båten er?** Den er 14. 99.99, kjem det frå ein av karane ute på dekket.

Dei flirer. Dei veit at båten er bygd slik at den har best mogleg utnyttingsgrad innanfor dei rammene som er gitt for denne type båtar.

**Ute i open sjø** gir Thomas gass. Hekksjøen veks og baugen reiser seg sakte. Han loggar 12-13 knop. Dei to Scania-dieselmotorane på 550 hk kvar kan gje båten ein toppfart på 16-17 knop på fullt. Skuta oppfører seg eksemplarisk og stabilt sjølv om dei seige havdønningane regjerer mellom holmane og skjera vest for Bømlo.

Thomas manøvrerer skuta inntil den gule bøyen. Med thrustarane finjusterer han posisjonen. Så

vert stroppa festa i toppen av bøyen. Straks etterpå vert den heist kontrollert opp, og sjaklane i underkant vert kontrollert og godkjent.


**- Det er heilt topp** at Bremnes Seashore investerer i slike arbeidsbåtar. Me er eit serviceteam som blant anna sjekkar nøter og gjør vedlikehald på dei ulike lokalitetane. Det er avgjerande å ha skikkeleg utstyr under krevjande forhold, meiner Asgeir Notland.

- Det er berre galne folk som har anlegg her ute, spørker Tore.

**Han ler.** Tore synes nettopp samspelet med gode kollegaer ute i vill vestlandsnatur er noko av det som gjer jobben så spennande og interessant. Dei tre driftsoperatørane har tydeleg god kjemi. Frå døra i styrehuset kan ein så vidt høyre Jahn Teigen synga i radioen: - Om det skulle blåse kaldt...

**Dei tre karane** ute på akterdekket ensar det ikkje. Det bles både mykje og kaldt. Men det er ein del av arbeidskvarden. Skulle det bli for ille kan dei stikke inn i styrehuset der det er både bysse, tv, kaffitraktar og vinkelsofa. Men dette er ikkje noko sofalive. No skal betongilar lastast om bord og fortøyingskjettigar kappast med skjerebrennar. Thomas snur Torbjørg S. og turtalaet på dieselmotorane aukar.

Øklandsvågen neste!





# Litt meir for deg...

Ei delikatesse frå havet. Finskoren for hand. Lagt i lekker innpakning med tilbehør. Med unik smak og kvalitet. SALMARAW!



Det tar tid å etablera nye produkt og nye forbrukarvaner, men dette er eit produkt for framtida som me har stor tru på.

SIMON NESSE ØKLAND



Sals- og marknadssjef i Bremses Seashore, Simon Nesse Økland, synes det er storvegs å få vera med på å marknadsføre det som kanskje er det mest spennande hurtigmat-alternativet i 2015.

- **SALMARAW er eit nytt produkt i marknaden. Kva type produkt er dette?**

- Det er rett og slett eit sunt og godt eteklart produkt for folk i farten.

- **Korleis kom ideen til SALMARAW?**

- Ideen om eit slikt produkt har me hatt ei god stund. Alle som arbeider med laks veit kor utfordrande det er å laga eit ferskt skiva produkt som held kvaliteten over fleire dagar. Det har vore tett samarbeid mellom Bremses Seashore og Salmon Brands i dette prosjektet. Difor har både produksjonen, Fou og sal/marknad vore involvert. Prosjektgruppa har også samarbeidd med Kulinarisk Akademi, designar Bjørn Rybakken og industridesignaren Johan Verde for å få til eit velsmakande produkt i eksklusiv og praktisk innpakning.

- **Finnes det produkt i dag som har tilsvarende kvalitetar?**

- Nei, ikkje som eg veit om. Dette

er eit produkt som er basert på superferskt råstoff av beste kvalitet, og som har lang nok haldbarheit til å tåla nasjonal distribusjon.

**- Korleis har produktet blitt motteke av forbrukarane?**

- Me har fått mykje skryt frå folk som har smakt SALMARAW. Det blir av mange sett på som eit sunt alternativ til pølser og hamburgar.

**- Er den nasjonale eller den internasjonale marknaden for SALMARAW viktigast no i starten?**

- Salmon Brands har starta ut med distribusjon i Noreg, men ser samstundes mange spennande moglegheiter i utlandet. Eg trur verkeleg at det ligg eit stort potensiale hjå forbrukarane internasjonalt. I Noreg finn du produktet mellom anna på 7-Eleven som er ein ny og spanande salskanal.

**- Korleis føyer SALMARAW seg inn i produktportefølja?**

- Dette produktet viser at me fornyar oss og foredlar produkta i stadig høgare grad. SALMARAW gjer det enklare for forbrukaren. Her er det berre å opna opp pakken, hella saus og frø over laksen og nyte smaksopplevinga.

**- Korleis er det å marknadsføre eit slikt produkt?**

- Det er både krevjande og lærerikt, men det får me til. Det tar tid å etablera nye produkt og nye forbrukarvaner, men dette er eit produkt for framtida som me har stor tru på.

**- Kor stort vekstpotensiale trur du SALMARAW har i tida framover?**

- Det kan vera veldig stort. Å lukkast med å nå ut med eit eteklart kvalitetsprodukt saman, ja det betyr mykje for alle som har vore involvert i produktutviklinga!

Me produserar årleg  
i gjennomsnitt



20 middagar  
pr. nordmann



- Me skal ikkje ta livet av pølsa, men har klokketru på at vår nylansering kan bli ein verdig konkurrent i fastfood-segmentet, sa Trym Eidem Gundersen, administrerande direktør i Salmon Brands, under lanseringa i april 2014. Her saman med prosjektleier for SALMARAW Christine Monsen.

# Året oppsummert

Det har vore eit krevjande, men likevel spennande år. Blant anna kan det trekkjast fram at første Thermolicer for arbeid mot lus vart levert, nytt teknisk bygg og fase 1 av nytt opptaksanlegg vart teke i bruk, og Salma Raw vart introdusert til markedet.

## Januar

3400 tonn laks  
slakta i eige  
pakkeri.

2014

## Mars

Nytt teknisk bygg  
teke i bruk

## Mai

Første utsett av  
fisk i mér med  
lusetuber

## Februar


BÖMLO-laks var  
fiskeråstoff i den  
tyske Bocuse  
d'Or-finalen

## April

Salma RAW  
introdusert til  
markedet

## Juni

600 tonn råstoff  
foredra ved eigen  
fabrikk



# Våre viktigaste ressursar

---

BREMNES FRYSERI  
KONSERNET  
pr 31.12.2014:

## Settefisk Gjeravåg

Berentzen Elin Solheim  
Pedersen Aksel R.  
Robberstad Inge

## Settefisk Tørvåg

Breivik Inger Lise  
Haraldseid Øyvind Jakob  
Haakull Anne Brit Skogen  
Larsen Marijann Belt  
Ånestrød Jorunn

## Settefisk Skålevik

Hellen Dag Helge  
Hellen Gunn Agnes  
Sørvik Ole

## Oppdrett Rogaland

Alsvik Stig Arvid  
Amland Oliver Munkejord  
Berg Brynjart  
Eike Jostein  
Grytdal Hanne  
Husebø Stian  
Høines-Larsen Glenn  
Johannessen Cato Rene  
Johannessen Klaus Andreas  
Karlson Dan Viste  
Knudsen Glenn Egil  
Langvik Jarle  
Melberg Bernt  
Næss Ane Johanne  
Reinhaug Øystein  
Romaniszyn Robert  
Sigmundstad Torstein  
Sitter Tom Bjarne V.  
Steine Lars Vegar  
Steinsvik Trond  
Svabø Eirik  
Wigdahl Henriette  
Wågen Camilla  
Wåland Mikael

## Matfisk Sunnhordland Vest

Bø Kjetil Lavik  
Dale Eirik Horne  
Eriksen Ole Petter  
Ersland Idar  
Farestveit Tore  
Helgesen Ernst Olav  
Hollund Alexander  
Hollund Kristian  
Hope Bernhard S.  
Kanarskas Raimondas  
Katla Kristian  
Kvarven Frode  
Mæland Mariann  
Natterøy Thomas  
Notland Asgeir  
Piscopo Terje Antonio  
Røsvik Henrik Hallaråker  
Steinsbø Lars Erik  
Stokkenes Hans Marius  
Stokkenes Hans Torleif  
Sæverud Eivind  
Vik Anders Eidet  
Søvold Geir Olav  
Søvold Thomas  
Økland Alfred  
Økland Jørgen Hansen  
Økland Nils Ragnar  
Økland Sigve  
Økland Vidar

## Matfisk Sunnhordland Øst

Aarsand Gunnlaug  
Aasheim Dag Eirik  
Adi Dror  
Bruun Jørn-Rune  
Ervik Bjarte  
Ervik Magnar  
Grotnes Tor Gunnar  
Grutle Øyvind  
Hesvik Øyvind  
Jensen Håkon  
Kaldefoss Simen  
Larsen Kim Joar  
Lundal Vidar  
Omdal Morten  
Rossebø Svein Olav  
Selsvik Dag-Kjetil  
Strømø Susanne  
Toen Jarle Jensen  
Toen Sondre Jensen  
Walkosz David

## Pakkeri

Biriukov Roman  
Bonarev, Viktor  
Bråthen Sigurd Hus  
Butkute Karolina  
Dzenceviciene Renata  
Dzencevicius Deividas  
Glørstad Vidar  
Griskoniene Gitana  
Griskonis Vaidotas  
Jasinaviciene Ieva  
Jukna Simonas  
Jukniene Lina  
Karpovas, Jurijus  
Kazlauskas Kazimieras  
Kazlauske Monika  
Keawkunya Nipaporn  
Kudriasova Vladlena  
Lukosiunas Arydas  
Lukosiunas Gintautas  
Lukosiunas Mantas  
Lukosiunas Rokas  
Lurins Maris  
Macijauskas Rolandas  
Magnusson Benjawan  
Meling Ronny  
Merenkov Vladimir  
Mironova Julija  
Mitrilevicius Robertas  
Myhre Bjørn Otto  
Myren Reidar  
Najokatiene, Giedre  
Navikauskienė Edita  
Novikovas Eugenijus  
Petravicius, Remigijus  
Piliūnas Tomas  
Prochoroceva Viktorija

Prochorocevas Olegas  
Rystad Anne Liv  
Sediqi Sharif Mohammed  
Sueaklang Kanokthip  
Tubelyte Evelina  
Ugglesjö Sandra C.  
Vaitkevicius Tomas  
Vanagas Lukas  
Vedeksiene Lina  
Zaikauskas, Justas  
Zebraitis Dainius  
Žiūlpys, Remigijus

#### Foredling

Abaksina Alona  
Abaksins Vladimirs  
Abraham Dusan  
Akbery Golam Heider A  
Alagic Anel  
Alagic Dobrila  
Almedom Tsegezab  
Auzbikevicius, Kestutis  
Bjelland Randi  
Brundziene Jurgita  
Brundziene Rasina  
Bøe Margot  
Daland Per Øyvind  
Daukantas, Justinas  
Geitung Irene J  
Gjøsæter Bodil Karin  
Gumbinas Tomas  
Habbestad Ragna Iversen  
Habbestad Rita H B  
Helgaland Kristine V.  
Helle Iselin H.  
Hidle Lina  
Hovland Annlaug Regine  
Husevik Marianne  
Håkonsen Sissel  
Håvik Sven Kristian  
Innvær Sissel Elin Grønås  
Johnsen Leif Otto  
Johnsen Marit  
Kanarskiene Egle  
Katla Johne

Khogianai Mohammad Ibrahim  
Knizat, Michal  
Kondratjuka Dana  
Krinicy Aleksandr  
Krinicyna, Jolita  
Kupcovs Janis  
Lapeniene Irma  
Larsen Bjørg Helen  
Larsen Janne  
Le Huynh Hoa Thi  
Lidal Hanne Grethe  
Lidal Ruth  
Linkevicene Diana  
Linkevicius Romas  
Lukjanska Alina  
Meling Odin Sagvåg  
Mosavi Ali  
Naujokaitis, Evaldas  
Naseri Ali  
Navikauskienė Mintara  
Nesse Jenny  
Nesse Jorunn  
Nguyen Oanh Hong  
Novade Sana  
Olsen Anette  
Pacevicius Vytautas  
Parana, Lukas  
Pelaityte, Dovile  
Pleskus, Marius  
Preidyte, Justina  
Priveda, Juras  
Ramanauskas Ramunas  
Rascius Irmantas  
Rasciuviene Andzelika  
Rezaee Mohammad Nasim  
Rukkusol Pattarapan  
Sakinis Arturas  
Salanova Leticia Segura  
Salih Bootan Mustafa  
Santana Thomas Økland  
Seinauskaite, Milda  
Simonaviciene Ausra  
Smalakiene, Singrita  
Sortland Martin  
Sæverud Magda

Sørvik Vibece  
Tamosaitis Ernestas  
Tverborgvik Inga Marie Meling  
Uogintaitė Anastasija  
Uogintas Alikas  
Valciukas Arunas  
Valciukiene Audronė  
Vanagas Svajunas  
Vanagiene Sandra  
Vilbutas, Gintaras  
Vold Kåre Jan  
Voras, Arunas  
Wang Lina  
Wathne Monica Fylling  
Ynnesdal Gro Anita  
Ytrøy Solfrid  
Zekic Mersija  
Ånderå Trond

**Transport**

Barqawi Ahmad Sharif M  
Butkus Saulius  
Durecek Marcel  
Endziulis Eimantas  
Fosse Stian  
Gecas, Karolis  
Jasinavicius Mantas  
Lutro Jon Kjetil  
Magnusson Hans  
Mammadi Ali  
Nakutis Nerijus  
Navikauskas Aistis  
Panchenko Germans  
Salih Jihad  
Sortland Bjarne

**Administrasjon**

Aga Turid Birgitte  
Alvsvåg Silje Kathrine  
Bjørnsen Geir Midtbø  
Bråthen Anne Meling  
Eide Einar  
Helvik Vidar  
Hoksrud Trine Lise O  
Husa Arvid

Innvær Kim  
Kippersund Bjørn Roar  
Knarvik Bernhard  
Knarvik Torild  
Knutsen Geir Magne  
Kringeland Ragnhild  
Kvarven Vivian  
Meling Astrid Sørensen  
Meling Kristin Mæland  
Nerbøvik Ida-Kathrin Gjerstad  
Risnes Renate  
Sortland Bodhild Hope  
Steinsbø Vidar  
Steinsland Synnøve  
Svendsen Olav O.  
Sæverud Bjørn Willy  
Sæverud Terje  
Visti Mika  
Økland Simon Nesse

**Kantine**

Hamre Anette  
Hjellbakke Anita  
Mæland Dagne Rannveig  
Nesse Randi Paulsen  
Nguyen Hiep Ngoc  
Rumjanceva Anna  
Sæverud Reidun

**Vedlikehold**

Folgerø-Holm Melankton L  
Grindheim Joachim Grønås  
Gåsland Benedikte  
Habbestad Erik  
Habbestad Odd Kristian  
Hopland Peder  
Kloven Stine  
Mathiassen Kjell Gunnar  
Rolfsnes Olaf  
Stokke Geir Petter  
Sørvik Bjørn Ketil  
Undheim Stein Arne  
Økland Audun  
Ådnanes Geir Ivar

**Salmon Brands Norge**

Baliqi Alush  
Fjæra Svein Olav  
Gundersen Trym Eidem  
Henden Marit  
Jenssen Kristin  
Jølstadengen Stian  
Kalvenes Ellen M  
Lervik-Mørck Bjarne  
Levorsen Tine  
Løkka Line  
Manseth Even  
Monsen Christine Okkenhaug  
Nilsen Sølvi Janne  
Opdal Heidrun  
Ribe Kjetil  
Rosland Anja Skretting  
Sandum Anne Gro  
Saxebø Inger  
Selebø Brit Randi  
Ørnhaug Anna  
Nøstbakken Kari

**Salmon Brands Sverige**

Johan Gref  
Karolina Wolnik  
Stefan Höglberg  
Peter Gyllenhammar  
Jonas Olsson

**Salmon Brands Frankrike**

Mathieu Savigner-Boutruche  
Kristel Masia  
Trude Hanssen  
Liv Sonja Lyngås  
Romain Gentil  
Ilhem Djededoua

Me vil også takke alle skuleungdommar og ekstrahjelp som har vore innom og jobba hos oss i løpet av året.

Me har eige  
settefisk- og  
matfiskkonsesjonar  
i Rogaland og  
Hordaland

{

**3  
SETTEFISK**

**21  
MATFISK-  
KONSESJONAR**



29 ANLEGG  
I NI KOMMUNAR



BØMLO



SVEIO



KVINNHERAD



JONDAL



VINDAFJORD



FINNØY



STRAND



SANDNES



FUSA



MATFISK

SETTEFISK

ADM/SLAKTERI/VIDEREFOREDELING



# Dette er Bremnes Fryseri

## BREMNES FRYSERI AS

Morselskap i konsern,  
eigedom og aksjar

### **BREMNES SEASHORE AS (100 %)**

Smolt, mattfisk, pakking og foredling

### **SALMON BRANDS AS (100 %)**

Marknadsføring og sal av SALMA produkt

### **KALD FISK AS (100 %)**

FoU selskap

### **SØLVFISK AS (100 %)**

Konsesjon smoltproduksjon

### **OCEAN QUALITY AS (40 %)**

Sal og distribusjon av heifisk og foredra laks

### **SÆVAREID FISKEANLEGG AS (16,67 %)**

Produksjon av smolt



# Styret si årsmelding

## Verksemda sin art og lokalisering

Bremnes Fryseri AS er eit holdingselskap med kontor i Bømlo kommune. Verksemda til morselskapet omfattar drift av eigedommar og investering i andre føretak.

Konsernets verksemder har hovudkontor i Bømlo kommune med produksjonsavdelingar i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland og salskontor i Bergen og Oslo. Verksemda til konsernet omfattar i all hovedsak oppdrett av settefisk og matfisk, samt slakting, pakking, frysing, foredling og sal av oppdretta laks og lakseprodukt.

## Finansielle forhold

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnådde i 2014 eit resultat før

avskrivningar på 13,9 millionar, eit driftsresultat på 3,1 millionar og resultat før skatt på 13,1 millionar, der motteke konsernbidrag utgjer totalt 20,1 millionar kroner. Netto finanspostar var positive med 10 millionar.

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnådde netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar på 22,7 millionar. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar vart -14,0 millionar og netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar 92,6. Netto auke i kontantbeholdning skuldast tilførte midlar frå avsatt konsernbidrag året før.

Konsernet har i 2014 hatt ein nedgang i omsetninga. Biologiske utfordringar har bidrige til en nedgang i omsetning på

-8%. Dei biologiske utfordringane har ført til ein betydeleg auke i produksjonskost i fleire regionar. Produksjonsvolumet har og gått ned og enda på om lag 24 000 tonn. Konsernet sitt driftsresultat før avskrivningar (EBITDA) vart og prega av desse utfordringane og enda på 184,9 millionar, driftsresultatet vart 96,4 millionar og resultat før skatt vart 78,7 millionar. Konsernet sine netto finanspostar i 2014 var -17,7 millionar

I 2014 var netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar 74,3 millionar, netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar var -148,8 millionar og kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar utgjer 59,3 millionar for konsernet. Investeringane i 2014

var betydelige og har i stor grad gått til auka kapasitet på sjøsida for å handsama auka utfordringar, samt tiltak som betrar drifta sin påverknad på det ytre miljø.

Styret meiner at års- og konsernrekneskapen gir eit rett bilde av konsernet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Konsernet er eksponert for finansiell risiko i form av marknadsrisiko, valutarisiko, kreditrisiko og likviditetsrisiko. I den grad konsernet ser det som naudsynt har ein styrt risikoen ved bruk av finansielle instrument og forsikringsordningar.

Nøkkeltal i millioner NOK	Bremnes Fryseri AS			
	Mor		Konsern	
	2014	2013	2014	2013
Driftsresultat før avskrivinger (EBITDA)	13,9	12,6	184,9	361,4
Driftsresultat (EBIT)	3,1	4,1	96,4	278,3
Netto finansposter	10,0	161,8	-17,7	-14,9
Resultat før skatt	13,1	165,8	78,7	263,3
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	22,7	-49,2	74,3	287,5
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-14,0	4,1	-148,8	-70,1
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	92,6	45,1	59,3	-193,9

**Omsetning**  
**1380 MNOK**

**Driftsresultat**  
**96,4 MNOK**

**Resultat før skatt**  
**78,7 MNOK**

#### Tilsette

Ved slutten av året er det 316 tilsette i verksemda fordelt på 138 kvinner og 178 menn. Det er ingen tilsette i morselskapet. Uavhengig av ønskja om likestilling mellom kjønna har konsernet i sin rekrutteringspolitikk og avlønningsystem alltid lagt vekt på at det er den enkelte sin kompetanse og innsats som er avgjerande. Styret vil gje ros til dei tilsette for deira store innsats gjennom året.

Det har vore høgt fokus på sjukefråvær og tiltak på området. Det totale sjukefråveret i selskapet var 6,0 % i 2014. H-verdi i 2014 vart 21,2 mot 25,9 året før.

#### Diskriminering

Diskrimineringslova sitt formål er å trygga likestilling, sikra like muligheter og rettigheter og å hindra diskriminering. Konsernet arbeider aktivt, målretta og planmessig for å sikra lovens formål innanfor vår verksemd. Aktivitetane omfattar blant anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår,

karriere og beskyttelse mot trakkassering. Konsernet har som mål å vera en arbeidsplass der det ikkje førekjem diskriminering på grunn av redusert funksjons- evne. Konsernet arbeider aktivt og målretta for å utforma dei fysiske forholda slik at verksemda sine ulike funksjonar kan nyttast av flest mulig.

#### Helse, miljø og sikkerhet

HMS er eit arbeid som aldri kan seiast «ferdig». Det er viktig for Bremnes Seashore å ha eit levande, kontinuerleg

HMS-system. Konsernet har 1 Hovedverneombod og 11 verneombod fordelt på avdelingane. Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har halde 4 møte i 2014. Konsernet har IA avtale og dekker språkundervisning for framandspråklege tilsette. Konsernet er knyta til bedriftshelsetenesta, Ysst. Lokale BHT blir nytta av Ysst for lokal oppfølging i t.d Rogaland og Hardanger. Ei grundig risiko- evaluering er gjennomført i alle avdelingar i konsernet. Det har også blitt gått vernerunder i alle avdelingar.



Det jobbar  
**316**  
gladlaksar  
hos oss

Operativ verksemd har høg fokus på tryggleik på sjø. Ein har investert mykje i nye båtar og nytt utstyr. I tillegg blir det bemanna kraftig opp på sjøsida.

#### **Ytre miljø**

Oppdrettsaktiviteten har i 2014 ikkje hatt rømming av fisk. Me har fokusert på best mogleg integrering av oppdrettsanlegga i lokalmiljøet og gjennomført fleire tiltak for å redusera påverknad av nærområdet i form av støy og lys. Verksemda overvaker nøy sjøkvalitet og påverknad av botnforholda rundt anlegga for å sikre ei berekraftig drift utan større fotavtrykk på miljøet.

Lus har i 2014 vore ein svært stor utfordring for selskapet. Som nemnt under finansielle forhold har dette påverka omsetnad og resultat i året. For å møta utfordringane på ein betre måte har verksemda satt i verk ei rekke tiltak med auka bemanning, meir driftsutstyr og betydeleg satsing på førebyggande og ikkje medikamentell behandling mot lus. Dette gir oss betre fleksibilitet og kapasitet i arbeidet med lakselus i 2015, og vil gi oss et betydeleg betre resultat i forhold til lakselus bekjempelse.

Det er kjeldesortering av papir, restavfall og bioavfall. Det er også returordning for plast og eiga ordning for Spesialavfall.

#### **Selskapets FoU aktivitet**

I konsernet har ein som målsetting å drive aktivt med FoU. Arbeidet har vore konsentrert om utvikling og forbetring av kvalitet i slakte og foredlingsprosessen, utvikling av nye foredra kvalitetsprodukt, samt tiltak mot lakselus. Selskapets FoU-aktivitetar blir utført i nært samarbeid med norske forskningsmiljø.

#### **Marknadstilhøve/utsikter framover.**

Etterspurnaden etter sunn, trygg og god mat er sterk og saman med godt marknadsarbeid har eksisterande og nye marknader teke unna det som vert produsert. Situasjonen i dag er ein etterspurnad over det ein klarar å produsera. Dette gjer at føresetnaden for ein sterk marknad dei neste to åra er tilstades.

Selskapet har dei siste åra investert betydeleg i oppbygging av biomasse og driftsutstyr som sikrar ei målretta effektiv drift av matfiskverksemda. Det er også gjennomført ein betydeleg

investering i nytt bygg og utstyr til foredling av laks. Det vert satsa vidare på investeringar som skal sikra kapasitet til auka opptak av fisk og trygga den gode kvaliteten til pakkemerke H-82.

Med bakgrunn i ovanståande vert det i samsvar med regnskapslova § 3-3 stadfestat føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidning av rekneskapen.

#### **Resultat og disponeringar i Bremnes Fryseri AS**

Bremnes Fryseri AS hadde i år 2014 eit års-/konsernresultat på 14,0/52,3 millionar mot eit samanlikna års-/konsernresultat på 160,5/193,8 millionar året før. I 2014 er det utbetalt utbytte på kr 30 000 000,-.

Styret foreslår følgjande disponering av årsresultat for 2014 på kr 13 992 680,-:

Overført til anna eigenkapital: kr 13 992 680,-



Øyvind Fossøy

Øyvind Fossøy




Olav Svendsen jr.



Laila Knarvik

Laila Knarvik



Torbjørn Gjelsvik

Torbjørn Gjelsvik



Bjørn W. Sæverud

Bjørn W. Sæverud



# Resultatrekneskap

## Mor – 01.01 - 31.12

2014            2013            Note\*

14 788 680	16 568 118	2	Salsinntekter
1 160 000	0		Andre driftsinntekter
<b>15 948 680</b>	<b>16 568 118</b>		<b>Sum inntekter</b>

## Konsern – 01.01 - 31.12

Note\*            2014            2013

2	1 370 155 455	1 496 084 919
	9 689 715	7 566 891
	<b>1 379 845 170</b>	<b>1 503 651 809</b>

0	0		Behaldningsendring varer
0	0		Varekostnader
0	20 544	6	Lønnskostnader
10 836 191	8 561 757	12	Ordinære avskrivningar
0	0		Nedskr. av varige driftsm. og immat. eiged.
2 023 488	3 931 399	6,9	Andre driftskostnader

4	-73 166 001	-38 716 932
	886 961 839	844 470 250
6	183 887 195	165 014 677
12,13	88 527 600	83 112 180
13	0	0
6,9	197 247 163	171 496 367

<b>12 859 678</b>	<b>12 513 700</b>		<b>Sum driftskostnader</b>
<b>3 089 002</b>	<b>4 054 419</b>		<b>Driftsresultat</b>

<b>1 283 457 796</b>	<b>1 225 376 543</b>
<b>96 387 374</b>	<b>278 275 267</b>

0	0	7	Inntekt frå investering i tilknytta selskap
20 063 876	157 833 000		Konsernbidrag frå datterselskap
712 414	254 536		Renteinntekt frå føretak i same konsern
155 776	0		Andre renteinntekter
500 000	17 800 488		Andre finansinntekter
11 450 205	14 116 347		Andre rentekostnader
0	0		Andre finanskostnader

7	7 133 356	10 676 930
	0	0
	0	0
	1 178 161	582 683
	738 207	5 947 871
	25 418 507	27 142 851
	1 332 608	5 008 223

<b>13 070 863</b>	<b>165 826 097</b>		<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>
-------------------	--------------------	--	--

<b>78 685 984</b>	<b>263 331 677</b>
-------------------	--------------------

-921 817	5 248 539	10	Skattekostnad på ordinært resultat
----------	-----------	----	------------------------------------

10	25 733 152	69 523 917
----	------------	------------

<b>13 992 680</b>	<b>160 577 558</b>		<b>Ordinært resultat</b>
-------------------	--------------------	--	--------------------------

<b>52 952 832</b>	<b>193 807 760</b>
-------------------	--------------------

0	160 577 558	11	Avsatt til anna eigenkapital
30 000 000	0	11	Utbytte utbetalt 2014
-16 007 320	0	11	Overført frå anna eigenkapital
0	0		Majoriteten sin del
<b>13 992 680</b>	<b>160 577 558</b>		<b>Sum bruk</b>

	0	0
	30 000 000	0
	0	0
11	22 952 832	193 807 760
	<b>52 952 832</b>	<b>193 807 760</b>

# Nøkkeltal

i 1 000 NOK

	2014	2013	2012	2011	2010
Driftsinntekter	<b>1 379 845</b>	1 503 652	1 132 531	996 729	906 242
Driftsresultat	<b>96 387</b>	278 275	55 274	33 636	202 896
EBITDA	<b>184 915</b>	361 387	128 205	83 377	246 495
Resultat før skatt	<b>78 686</b>	263 332	44 153	11 068	184 725
Sum eigendeler	<b>1 528 672</b>	1 481 375	1 350 406	1 122 487	1 027 936
Sum eigenkapital	<b>661 531</b>	642 064	460 256	346 479	379 789
Netto renteberende gjeld	<b>549 988</b>	440 787	646 234	550 650	461 136
Eigenkapitalprosent	<b>43,3 %</b>	43,3 %	34,1 %	30,9 %	36,9 %
Bokført verdi pr. konsesjon	<b>6920</b>	6553	6 557	5 387	5 372

Omsetning  
i 1 000 000 NOK

- Sal
- Pakkeri/foredling
- Matfisk
- Settefisk



**Omsetning**  
**1 380**  
**MNOK**

**Driftsresultat**  
**96,4**  
**MNOK**

**Resultat  
før skatt**  
**78,7**  
**MNOK**

**Mor – 31.12 - 31.12**

2014	2013	Note*
------	------	-------

**Konsern – 31.12 - 31.12**

Note*	2014	2013
-------	------	------

### EIGEDELAR

#### Anleggsmidler

##### Immaterielle eigedeler

0	0			13	1 735 392	262 182
0	0			5,13	145 317 467	137 615 337
2 393 185	1 471 368	10		10	0	0
0	0			13	132 420 631	151 022 151
<b>2 393 185</b>	<b>1 471 368</b>		<b>Sum immaterielle eigedeler</b>		<b>279 473 491</b>	<b>288 899 670</b>

##### Varige driftsmiddel

122 592 700	113 803 164	5,12		5,12	147 026 444	130 102 491
9 544 462	13 574 535	5,12		5,12	409 850 083	353 323 715
0	0			5,12	1 381 792	1 025 063
0	0			5,12	3 416 943	5 372 723
<b>132 137 162</b>	<b>127 377 698</b>		<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>561 675 263</b>	<b>489 823 992</b>

##### Finansielle anleggsmidler

279 190 719	279 190 719	5,7			0	0
14 912 327	15 985 919	3,14			0	0
4 000 000	4 000 000	7		7	20 634 041	14 000 685
10 151 200	10 151 200	8		8	12 095 952	12 179 790
0	0			3	4 075 813	4 677 303
<b>308 254 246</b>	<b>309 327 838</b>		<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>36 805 806</b>	<b>30 857 778</b>
<b>442 784 593</b>	<b>438 176 904</b>		<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>877 954 560</b>	<b>809 581 439</b>

### Omløpsmidler

#### Varer

0	0			4,5	22 074 895	18 120 772
0	0			4,5	499 144 155	428 693 111
0	0			4,5	3 088 837	4 751 494
<b>0</b>	<b>0</b>		<b>Sum varer</b>		<b>524 307 887</b>	<b>451 565 377</b>

#### Fordringar

0	0			5	72 504 885	158 086 898
21 664 650	165 983 986	14			24 854 345	17 862 572
<b>21 664 650</b>	<b>165 983 986</b>		<b>Sum fordringar</b>		<b>97 359 230</b>	<b>175 949 471</b>

#### Bankinnskot, kontantar og liknande

101 406 123	35 092	5,15			29 050 520	44 278 407
<b>123 070 773</b>	<b>166 019 078</b>		<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>650 717 637</b>	<b>671 793 254</b>
<b>565 855 366</b>	<b>604 195 983</b>		<b>Sum egedeler</b>		<b>1 528 672 196</b>	<b>1 481 374 694</b>

Mor - 31.12 - 31.12			Konsern - 03.12 - 31.12		
2014	2013	Note*	Note*	2014	2013
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>					
<b>Eigenkapital</b>					
<i>Innskoten eigenkapital</i>					
6 100 000	6 100 000	11	Aksjekapital	6 100 000	6 100 000
29 031 512	29 031 512	11	Overkursfond	26 058 525	26 058 525
14 632 629	14 632 629	11	Innskoten annan eigenkapital	0	0
<b>49 764 141</b>	<b>49 764 141</b>		<b>Sum innskoten eigenkapital</b>	<b>32 158 525</b>	<b>32 158 525</b>
<i>Opptent eigenkapital</i>					
194 287 406	210 294 726	11	Annan eigenkapital	629 372 809	609 905 633
0	0	11	Minoritetsinteresser	0	0
<b>194 287 406</b>	<b>210 294 726</b>		<b>Sum opptent eigenkapital</b>	<b>629 372 809</b>	<b>609 905 633</b>
<b>244 051 547</b>	<b>260 058 866</b>		<b>Sum eigenkapital</b>	<b>661 531 334</b>	<b>642 064 158</b>
<i>Gjeld</i>					
<i>Avsetning for forpliktningar</i>					
0	0	6	Pensjonsforpliktningar	3 871 621	4 297 563
0	0	10	Utsett skatt	155 972 746	130 309 776
<b>0</b>	<b>0</b>		<b>Sum avsetning for forpliktningar</b>	<b>159 844 367</b>	<b>134 607 339</b>
<i>Anna langsiktig gjeld</i>					
<i>Gjeld til kredittinstitusjonar</i>					
299 688 663	204 938 663	5		469 688 663	474 783 497
<b>299 688 663</b>	<b>204 938 663</b>		<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>	<b>469 688 663</b>	<b>474 783 497</b>
<i>Kortsiktig gjeld</i>					
<i>Gjeld til kredittinstitusjonar</i>					
0	129 947 773	5,15		104 632 424	10 282 136
1 716 345	6 752 544			95 150 713	89 606 424
0	829	10	Betalbar skatt	51 568	62 542 600
0	107 644		Skyldige offentlege avgifter	12 087 598	11 876 131
20 398 812	2 389 664	14	Anna kortsiktig gjeld	25 685 530	55 612 410
<b>22 115 157</b>	<b>139 198 455</b>		<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>237 607 832</b>	<b>229 919 701</b>
<b>321 803 819</b>	<b>344 137 118</b>		<b>Sum gjeld</b>	<b>867 140 862</b>	<b>839 310 537</b>
<b>565 855 366</b>	<b>604 195 983</b>		<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>1 528 672 196</b>	<b>1 481 374 695</b>

Bremnes,  
19. mars 2015

Øyvind Fosseøy

Olav Svendsen jr.

Laila Knarvik

Torbjørn Gjelsvik

Bjørn W. Sæverud

Bjørn Willy Sæverud

# Kontantstraumoppstilling

**Mor – 01.01 - 31.12**

2014                    2013

**Konsern – 01.01 - 31.12**

2014                    2013

		<b>Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar</b>			
13 070 863	165 826 097	Resultat før skattekostnad		78 685 984	263 331 677
-829	0	Betalt skatt i perioden		-62 542 600	-329 451
-1 160 000	-4 522 986	Tap/gevinst ved sal av anleggsmiddel		-1 704 584	-4 593 491
10 836 191	8 561 757	Ordinære avskrivningar		88 527 600	83 112 180
0	0	Nedskriving anleggsmiddel		0	0
0	51 350	Endring i varelager og kundefordringar		12 839 503	-97 018 368
-5 036 199	5 042 415	Endring leverandørgjeld		5 544 289	23 073 631
0	0	Endring i pensjonsmiddel/-forpliktingar		-425 942	18 036
0	0	Resultat v/bruk av eigenkapital- og bruttometode		0	0
0	0	Effekt av verdiendring markedsbaserte aksjar		0	0
-20 063 876	-157 833 000	Postar klassifisert som inv.- eller finansieringsaktivitetar		-6 549 518	3 239 315
25 025 308	-66 349 352	Endring i andre tidsavgrensingspostar		-40 087 633	16 688 274
<b>22 671 457</b>	<b>-49 223 719</b>	<b>Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>		<b>74 287 099</b>	<b>287 521 804</b>
		<b>Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar</b>			
1 160 000	500 000	Innbetalinger ved sal av varige driftsmiddel		2 470 000	1 234 000
-15 595 653	-19 140 451	Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmiddel		-151 740 439	-96 116 444
0	11 826 526	Innbetalinger ved sal av aksjar/andelar i andre føretak		0	12 066 658
0	-1 296 000	Utbetalinger ved kjøp av aksjar/andelar i andre føretak		0	-10 308
500 000	12 751 602	Mottatt utbytte		500 000	12 751 602
<b>-13 935 653</b>	<b>4 141 677</b>	<b>Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>		<b>-148 770 439</b>	<b>-70 074 492</b>
		<b>Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar</b>			
94 750 000	-48 307 940	Netto endring langsigkt gjeld til kreditinstitusjon		-5 094 834	-76 771 276
-129 947 773	45 373 988	Netto endring kortsigkt gjeld til kreditinstitusjon		94 350 288	-105 171 386
0	0	Inn-/utbetalinger av eigenkapital		0	0
-30 000 000	-12 000 000	Utbetalinger av utbytte		-30 000 000	-12 000 000
157 833 000	60 000 000	Mottatt konsernbidrag		0	0
<b>92 635 227</b>	<b>45 066 048</b>	<b>Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b>		<b>59 255 454</b>	<b>-193 942 662</b>
